

## Slåtten allereie i gang

26.05.2009



Slåtten er allereie i gang i sentrum av Uskedalen.

**Så er slåtten i gang i Uskedalen. I går vart det nesten slege av i sentrum. Og det skal vera mykje gras på i år; meir enn i fjor, vert det sagt.**

Dei siste åra har det fleire stader i Kvinnherad vorte slege tidlegare og tidlegare, men så tidleg som 25. mai har det i alle fall ikkje vorte slege så tidleg på garden biletet er henta frå. I fjor var datoen 27.mai.

Og går vi nokre år tilbake, var ikkje slåtten i gang før enn 1-2 veker seinare. Det har vel med klimaet år gjera.

Det vert sagt at på Halsnøy med mange jordbruksflater, er ikkje slåtten i gang endå, men det er nok ikkje lenge før dei fleste gardar i Kvinnherad er komen i gang, og også snart har slege av.

t-